

# MA'MA

CHILDREN'S CENTER OF NORWAY

[www.mamachildren.org](http://www.mamachildren.org)  
Facebook: Rachel Trovis Stiftelse

Nyhetsbrev  
mai 2017



**FELLES SANGGLEDE:**  
*Elever frå Grenland Folkehøyskole  
besøker førskolen i Tanza.*



## NY VESTLENDING I STYRET FOR MAMA'S!

Ove Tvedt på skulebesøk, her i samtale med Cyra som bur på barneheimen i Håpets Hamn.

**«Kvifor er du her på jorda, Ove», spurde ein ungdom meg for mange år sidan.**

**Eg forstod at dette var eit spørsmål som måtte få eit grundig svar. Difor sende eg ei kort bøn til min Herre og Frelsar: «Gi meg eit svar!» Svaret kom straks: « Eg er her på jorda for at du skal ha det litt betre enn om eg ikkje var her.» Både ungdommen og eg fekk noko å tenkja på.**

Hausten 2016 hadde kona mi Grete og eg eit opphald på Ma'Ma's. Her fekk me sjå kor viktig og rett det er at vårt «oppdrag» her på jorda er å gjera livet for våre medmenneske lettare. Ingen kan hjelpa alle, men alle kan hjelpa nokon.

Me såg mykje fattigdom og naud. Mange av dei får hjelp gjennom Ma'Ma's. Pengane rekk langt. Det å få vera ein del av eit slikt arbeid var til stor inspirasjon. Dette ville me bruka meir av vår tid og våre ressursar på.

*Det gav oss:*

*Glede over å kunna hjelpa nokon som verkeleg treng hjelp.  
Glede over at me har helse og ressursar slik at me kan hjelpa.  
Glede over å møte menneske som me deler tru med.  
Glede over å møte ein stab som står på for å utnytte kvar krone me overfører til beste for dei som er i kontakt med Ma'Ma's.*

Eg brukte ein del av tida mi på Ma'Ma's til å oppgradera parken rundt Hospitalet. Den som er sjuk treng noko vakkert å kvila augo på, enten han er fattig eller mindre fattig, tenkte eg.



Slik er det, og Ma'Ma's forvaltar store verdier som det er viktig blir teke godt vare på, då vil bygg og anlegg vara lenger og endå fleire vil få hjelp til det den einkilde treng.

Besøk i fengsla var sterke og meningsfylte. Innsette som tydeleg sette pris på å få litt merksemd gledde oss. Samstundes var det trist å sjå korleis dei hadde det, slik skal ikkje nokon ha det. Me opplevde at arbeidet som Ma'Ma's gjer i fengsla gjer ein forskjell for mange.

Eg håpar at du som les dette vil oppleva at det du bidreg med vil føra til at «nokon får det litt betre enn om du ikkje var her» som eg skreiv i innleiinga. Eg er ny i styret. Eg ser at det er eit fantastisk arbeid eg får vera ein del av, og eg gler meg til å kunna bidra med mine ressursar.

Litt fakta om meg. Eg bur på Valen i Kvinnherad kommune, er 67 år, tidlegare lærar og utekontakt, no pensjonist. Har fire barn og tretten barnebarn. Driv ein ungdomsklubb i kyrkja på Valen, driv med ymse dugnadsbaserte prosjekt, «opne hytter for alle i fjellet» og restaurering av Den Bergen Stavangereske postveg. Eg er og lei for ei stipendordning for evnerik ungdom i San Lucas i Guatemala.

Takk og glede er det eg sit att med etter tre månader i Cavite.

**Ove Tvedt**





# INTERVJU MED «SALVING»

*Salvador Macalad Formanes begynte å jobbe i Ma'Ma's i juni 2004.*

**Salving er 61 år, han kjem frå vestkysten av øya Samar. Han var den eldste i ein søskenflokk på 6, 4 brør og 2 søstre. No er dei 5 som lever igjen. Mor er blitt 90 år og far er død. Sidan Salving var den eldste, vart det hans jobb å vera heime og hjelpe far med arbeidet på det vesle gardsbruket. Derfor fekk han aldri noko meir utdanning enn grunnskulen.**

Han har utført alt mogleg arbeid i Håpets Hamn. Han har vore gartnar, målar, rørleggjar, elektrisk og bonde. Det var han som var sjefen då rismarka på tomte bak sjukehuset, skulle haustast. Men det som Salving garantert kjem til å bli hugsast mest for, er alle møblane han har laga. Små bord og stolar til den nye førskulen som vart opna i juni 2016, mange skap, og hyller av alle slag frå skoskap til bokhyller. Han har ikkje fått noko fagutdanning som møbelsnekker, men han er ein svært kreativ mann og har lært av andre snekrar og funne ut av ting sjølv.

Salving er veldig glad og takksam for dei åra han har fått jobba og vore ein del av personalet i Håpets Hamn. To av borna hans har fått støtte og hjelp frå Ma'Ma's til å ta utdanning, No er dei vaksne og har fått sin eigen familie. Det har vore trygt å vita at han hadde si faste lønn, han kunne få hjelp når det var sjukdom i familien og han hadde alt han trong gjennom jobben si.

Eg spør om det har vore mange tunge og vanskelege dagar, eg er redd for at det vil han kanskje ikkje dele med meg.

Han smiler litt og seier at jo det har vore dagar då han har vore trøtt og oppgitt. Dagar då han ikkje heilt visste korleis han skulle løysa dei oppgåvene som vart gitt han, men han har lært mykje gjennom desse åra. Han har funne løysingar på det meste og er glad for alt han har lært.

Det siste prosjektet han jobbar med no er eit stort leiketårn som er montert på plenen utanfor avdelinga der dei minste barna heldt til.



Salving har måla tårnet i sterke fargar og dekorert med blommar på nedste delen, No skal rutsjebanane på plass på kvar side.

I juni 2017 vil Salving dra tilbake til Samar for å ta seg av mor si. Han vil kjøpe seg ein liten jordflekk, ha nokre griser, og ein fiskedam. Han vil bli bonde på heiltid. På Samar er det billig å kjøpe jord, kanskje med kokospalmer på. Men han understrekar av han vil aldri gløyme dei åra han har hatt i Ma'Ma's. Det er blitt hans andre familie og han takkar Gud for gode kollegaer som er blitt nære venner.

Han vil halda fram med å be for Ma'Ma's både dei som jobbar i HH og dei som bur i Norge. Ma'Ma's vil alltid ha ein stor plass i hjarte hans.

## KONTAKTMØTE FOR GRUPPER OG ENKELTPERSONER SOM STØTTER MA'MA'S

Styret har ønske om å møte og se våre trofaste støttespillere ansikt til ansikt. Vi kombinerer også denne gangen arrangementet med Skjærgårdssang i Langesund, 11.-13. august.

**Vårt møte blir laurdag 12. august kl. 15.00 i Skoglia 14 i Langesund, like i nærheten av Skjærgårdshallen.**

Vi vil dele informasjon om arbeidet, presentere styret, ha samtale og erfaringsutveksling om virksomheten i Norge

**Vi trenger påmelding til møtet. Frist: 20.juli**

**Påmelding til Kari Mette Ringdal Helle,  
e-post: karim@start.no  
eller sms/tlf.: 415 66 835**



## SKOLEBESØK PÅ SAMUEL CHRISTIAN COLLEGE

**Tre styremedlemmer fra Norge og sosialarbeider fra Håpets Havn er på skolebesøk denne dagen. Vi gleder oss til å møte en spesiell ung dame som vi kjenner godt.**

Innenfor porten står en flott, ung dame og smiler til oss. Hun bærer skolens læreruniform som denne dagen er kjole i sort og hvitt med sort dressjakke over. Sammen med henne står portvakten og rektor på skolen. De tar varmt imot oss. De viser oss rundt, og vi møter elever som viser sin begeistring overfor matematikklæreren sin som er Rizza Domingo.

Rizza Domingo kom til Ma'Ma's sammen med søsteren sin da de var ganske unge. De hadde levd under svært vanskelige hjemmeforhold og de kunne ikke bo hjemme lenger. Nå er jentene blitt voksne og foreldrene er døde. Rizza sier vi er hennes familie. Søstre hadde ikke fått noen form for skolegang før de kom til Ma'Ma's, men da ble det skolegang gjennom mange år.

Klokka 5 måtte Rizza opp hver morgen for å nå fram til studiestedene, og hun var ikke tilbake før rundt kl. 18. Da var det lekser og husstell som måtte gjøres. Under studietiden har hun hjulpet til med de minste barna på barnehjemmet i Håpets Havn. Hun har også fått garn, strikkepinner, sytråd og nåler fra norske givere. Mange fine arbeider har hun tryllet fram. Hun har alltid vært ei koselig, beskjeden og arbeidsom jente som har arbeidet hardt både med studier og håndarbeid.

De siste årene har hun og to andre ungdommer bodd for seg selv i en liten leilighet i nærheten av Ma'Ma's. Når en har passert 20 år, er det greit å prøve og bruke det en har lært av "mammaene" på jenteavdelingen. Sosialarbeider Avegail Manalo har vært en god hjelper og veileder gjennom disse årene. Nå er Rizza ferdig utdannet matematikklærer og har fått seg jobb på Samuel Christian College som er en privat videregående skole som ligger i nærheten av Ma'Ma's.

Tilbake til besøket vårt: Etter omvisningen på skolen, fikk vi en god lunsj på lærerrommet. Rektor uttrykte at hun og de andre lærerne er svært glade for å ha Rizza som lærer på skolen. Elevene trives godt med henne som lærer i matematikk.

Rektor ønsket oss velkommen tilbake neste gang vi kommer til Filippinene. Vi takket for oss med å overrekke et lite norsk flagg, gi Rizza gode klemmer og ønske henne lykke til videre i arbeidet. Rizza sier hun er veldig takknemlig til Gud og oss i Ma'Ma's at hun har fått denne muligheten og hun vil gjerne hilse og gi sin takk til alle som støtter arbeidet i Ma'Ma's i Norge.

Rizza Domingo er et godt eksempel på at det nytter å hjelpe! Tusen takk til dere alle både kjente og ukjente.

Birthe Sofie Bunkholt Sørensen

Astrid Berntsen:

## Et nærbilde av en av de som jobber på sykehuset «Ma'Ma Rachel Hospital of Mercy»

«Dan» er en smilende og blid mann som daglig er å treffe på røntgenavdelingen på sykehuset. Han forteller at han er 46 år gammel, kommer fra Sorsogon City, en by som ligger helt på sørpissen av Luzon, den største øya på Filippinene.

Han er gift og har 3 barn. Han tok sin utdannelse som radiograf på høyskole i Manila. Han var med som frivillig i Ma'Ma's allerede i 2012, og var da med på flere Medical Missions. Fra januar 2015 har han vært fast tilsatt på røntgenavdelingen på sykehuset.

Han kom i kontakt med Ma'Ma's gjennom ein kamerat. Kameraten jobba i eit firma som leverte røntgenutstyr. Denne mannen fortalte om Rachel Trovi som skulle få levert utstyr til sitt nye sykehus i Cavite. På denne tiden hadde Dan deltidsjobb på et annet sykehus, men han trødde til å gav en hjelpende hånd da Rachel trengte det.

Dan jobbet i 15 år på forskjellige private sykehus. På de private sykehusene var det lite fellesskap i kollegiet. De fleste hadde nok med å tenke på seg selv og sin egen karriere. Dan understreker at han setter stor pris på samholdet og det gode arbeidsmiljøet han opplever at de har på «Ma'Ma Rachel Hospital of Mercy». Personalet jobber som et godt team med dyktige ledere.

Jeg spør: «Hvorfor vil du være her på dette sykehuset?» Dan svarer: «Jeg ønsker å gi mitt bidrag til de fattige. Gjennom jobben min her kan jeg være med å redde liv og gi fattige mennesker medisinsk hjelp selv om de ikke har penger å betale med.»

Han forteller videre at dette er det eneste sykehuset han har jobbet på som ikke spør pasientene etter penger. Alle får hjelp uansett om de har noe å betale med eller ikke, det synes Dan er flott.



Bilde av Dan i døra på røntgenavdelingen.

De er to menn som deler på vaktene på røntgen. De to er gamle studiekamerater og trives som kollegaer. Reynaldo Furton («Rey») angret heller ikke på at han sa ja til jobben på «Ma'Ma Rachel Hospital of Mercy».

«Dan» og «Rey» er tydelige på at de ønsker å bli værende i jobbene sine i mange år fremover. De ønsker begge å gjøre sitt beste for at alle pasientene skal bli tatt godt vare på når de kommer inn dørene på «Ma'Ma Rachel Hospital of Mercy».





RETURADRESSE:

**B**

Ma'Ma Children's  
Center of Norway  
Postboks 2,  
3993 Langesund



## VELKOMMEN TIL MA'MA'S BRUKTBUTIKK I LANGESUND

Vi har fått inn mange nye varer og ønsker deg velkommen til å ta en tur innom til oss. **Butikken er åpen 3 dager i uken, torsdag, fredag og lørdag kl. 11-16 (15)**

Vi er takknemlige for alle fine varer, vi tar også gjerne imot varer fra dødsbo.



**Erik Tanche Nilssen AS**

**Norengros Erik Tanche Nilssen AS**  
**Skien** Hagebyvn. 26, Pb. 2560, 3702 Skien  
**Porsgrunn** Hydrovegen 19, 3733 Porsgrunn

[www.etn.no](http://www.etn.no)

## Ma'Ma Children's Center of Norway

### Vår bankforbindelse:

Bamble Sparebank, Stathelle

2601 33 17185 ..... Driftskonto

2601 16 76331 ..... Sykehusfond

2601 34 94540 ..... Skolefond

*Hvis du oppgir din adresse på giro eller nettbank-  
overføringer vil du få få tilsendt vårt nyhetsbrev  
4 ganger i året.*

## [www.mamachildren.org](http://www.mamachildren.org)

### Daglig leder, Astrid Berntsen:

[astrid.berntsen00@gmail.com](mailto:astrid.berntsen00@gmail.com)

### Styreleder, Jostein Gjørum:

[jostein@gjarum.net](mailto:jostein@gjarum.net)

Øvrige styremedlemmer: Rachel Trovi, Solveig  
Gudmundsen, Kari Mette Ringdal Helle, Gunhild  
Dobbe, Fred Trovi, Anne Margrethe Vågsnes, Birthe  
Sofie Bunkholt Sørensen, Ove Aarnes Tvedt.